



Telefon : 90 68 01 00
Adresse: Dyrkolbotn 119
5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE

Leirskole og gjestehus

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Også sendt direkte til medlemene i Plan og miljøutvalet

Dykkar ref: 15/3856 – 16/3293

GJELD SAKFRAMLEGG TIL DYKKAR MØTE 27.04.2014

Klagesak på avvisning av byggesøknad for personalbustad med næringsdel.

Saksframlegget frå administrasjonen lir av alvorlege manglar. Saksutgreiinga viser dessutan til eit sjikanøst brev datert 30.03.2016 frå nabo Jorunn Dyrkolbotn, på ein slik måte at dette brevet får legitimitet. Inntrykket som ein lesar sit att med vert ikkje korrekt. Både brevet og saksutgreiinga fekk eg kopi av for få dagar sidan, og vart då sterkt vonbroten over at kommunen nærmast argumenterar som ein part, og ikkje som den upartiske instansen den skulle ha vore, i sak angående vår framtida. Så eg ynskjer å få supplere saksutgreiinga, og kome med svar på dei verste skuldingane i brevet frå Jorunn Dyrkolbotn.

1.
Byggesøknaden kom til kommunen i epost 29.12.2015, ikkje 04.02.2016 som saksutgreiinga fortel. Før nyttår for å oppnå dei gamle gebyrsatsane. (Datoen framgår av vedlegga)
2.
Sigrid Dyrkolbotn har ikkje klaga på avvisningsvedtaket. Namnet er Signhild Dyrkolbotn
3.
Det er berre «for dårleg rett» til å ha kloakkreinseanlegg på bnr 11 som no er avvisningsgrunn, så vidt eg veit.

Dei andre tilhøva som vart nemnde i avvisningsvedtak frå 07.01.2016 er avklarte eller retta opp. Ryland bygg viste til dømes i brev datert 07.01.2016 at kloakkreinseanlegget låg innafor avsett område i arealplanen. Og han opplyste kva som var mønehøgda. (75 cm takkonstruksjon kom i tillegg til mål påført teikningen) I løpet av januar vart naboklage motteke, og utfyllande opplysningar vart sendt den 15.01.2016. Svar frå nabo kom det attende også på dette, så vi har oppfylt vår plikt. Papirteikningar er også ettersende frå Ryland Bygg, slik eg har forstått.

Saksutgreiinga er uklar, men det kan sjå ut som at sakshandsamar trur at det framleis manglar dokumentasjon til søknaden, slik ho formulerer seg i «framlegg til vedtak». Kva manglar i så fall? Vi sender så gjerne tilleggsopplysningar. Men ei byggesak kan ikkje trenerast og avvisast utan at tilleggsopplysningane er avgjerande for å kunne behandle saka.

Arkitektteikningane er detaljerte nok til å kunne handsame ein søknad om rammeløyve, saman med resten av dokumentasjonen som er innsendt, slik Ryland Bygg har forklart meg. Meir detaljerte

byggeteikningar på data vert ferdige mandag, etter at vi har hatt nokre rundar om materialval i dekker, og uttale frå brannteknisk konsulent m.m. Men desse detaljerte byggeteikningane kunne utsetjast til igangsetjingsløyve, og kan ikkje krevast for eit reint rammeløyve, slik eg har forstått reglane og Ryland Bygg. Dei detaljerte byggeteikningane kan om ynskjeleg leggast fram direkte på møtet dykkar på onsdag.

4.

Fjellstova og eg som noverande innehavar, eig ca 95 dekar totalt. Vi disponerar slett ikkje 18000 dekar. Det er irrelevant kva familien min disponerar, og tante Jorunn og onkel Jostein Dyrkolbotn er forøvrig også min famile.

Bedrifta treng kvar dekar vi eig, og kloakkreinseanlegget skal byggast der det har vore omtalt dei siste 40 år – i passeleg avstand og med passeleg fall frå bygningane. Og i samsvar med tinglyst rett og innafor avsett område i kommuneplanen. Vi må søke unntak frå kommuneplanen dersom vi skal flytte anlegget, og det kan ta lang tid – om vi i det heile teke får unntak.

Det hastar, både for å halde på ny generasjon (og bevare den gamle) og av omsyn til vidare drift. Vi treng å starte bygging i sommar, og den retten vi har til å bygge kloakkanlegg er etter mitt syn heilt klar. Kommunen får vurdere byggesøknaden slik han ligg føre.

5.

Å vere heimelshavar og å vere eigar er ikkje det same! Sakshandsamar skriv på side 4: «I denne saka påstår klagar at ho er rett heimelshavar til gbnr 247/11». Det same står lenger nede, og i brevet frå Jorunn Dyrkolbotn. Men opplysningen er urett. Eg har aldri påstått å vere heimelshavar til 247/11. Eg har i klagen omhyggeleg forklart kvifor eg meiner å vere rettmessig EIGAR. Og kvifor heimelshavar Jorunn Dyrkolbotn skulle ha overført heimelen (i grunnboka, hjå tinglysinga) til meg. Grunnlaget for min påstand er Jorunn sitt skøyte med tilbakefalls klausul etter 5 år dersom bustadhus ikkje vart bygd på den tida. Eg visar til min klage angående dette.

6.

Nederst på side 6 skriv sakshandsamar: «Det er ikkje administrasjonen sin oppgåve å avklare dei privatrettslege tilhøva» Men det er akkurat det administrasjonen prøver på. Administrasjonen blandar seg inn i tolkinga av vår tinglyste servitutt rett til kloakkanlegg, og underkjenner all verdi av denne servitutt når dei skriv at «Plassering av avløpsanlegget må gå klart fram av ein privatrettsleg avtale med grunneigar». Og konkluderar på neste side: « ..det er klart at søkjar ikkje har dei nødvendige rettane søknaden krev» Loven si ordlyd er forøvrig endra til at det skal vere «åpenbart» at fjellstova ikkje har dei nødvendige rattar før kommunen kan avvise å handsame byggesøknad. Sakshandsamaren tolkar framleis lovteksten galt.

7.

I brev frå Jorunn Dyrkolbotn som er lagt ved saka, kjem det fram fleire påstandar som må imøtegåast. Spesielt: Jostein Dyrkolbotn kjøpte ikkje bnr 11 frå naboen tidleg på 70-talet. Bnr 11 vart utskilt frå leirskuletomta bnr 10. Eg har sjekka styremøteprotokollen, og tomtekjøp og betaling for heile bnr 10 vart behandla med jamne mellomrom, utan at det er nemnt noko om at deler av tomten skulle vere kjøpt og betalt for tidlegare. Eg aktar å dokumentere for retten, men synest ikkje det høver her.

8.

Heile historien om korleis Otto skal ha lurt inn hefte i skøytet til Jorunn vert bestridt. Løgn og fjas. Skøytet til Jorunn har dei hefta som står der, og eigedomsoverføringa skjedde under føresetnad av dei hefta som står klart og tydeleg på papiret. Avtaleføresetnader kan kvar og ein som skreiv under på papiret påberope seg. Fell hefta bort, så fell føresetnader for overskøytinga bort, og då fell også

skøytet bort. Jorunn har då ingen tomt. Då er tomta framleis å sjå som ein del av tomta til bedrifta – slik som før skøytet vart skrive. Det er elementær avtalerett at ein part kan ikkje plukke ut dei punkta i ein avtale som han ikkje likar, og så forlange at resten av avtalen skal gjelde framleis. Då fell heile avtalen. Gjerne for meg! I såfall har vi rett til å kloakkreinseanlegg på bnr 11.

9.

Jorunn mistenkjeleggjer at eg har drøfta utbyggingsplanar og byggesøknader for Fjellstova med «kommunale personar» og kallar det for hersketeknikk at dei får kopi av klagen på at byggesøknaden vår er avvist. Det er latterleg å mistenkjeleggjere dette. Eg har alltid vore open om våre utbyggingsplanar og byggesøknader til alle. Kommunen hjelpte oss med ein søknad om SND-midlar allereide i 2011, til eit forprosjekt. Kommunar og «kommunale personar» både kan og skal ta imot opplysningar frå alle partar i saker der dei er innblanda, særleg i vanskelege saker. Alle relevante opplysningar og argument skal opp og fram, og belysast best mogleg, slik at urett kan hindrast. «Kommunale personar» skal til og med hjelpe partar til å formulere seg skriftleg for å få fram sine synspunkt på best mogleg vis. ALLE partar skal hjelpast, om dei har behov for det. Om det kjem fram noko relevant nytt frå ein part, så skal kommunen hjelpa til så andre interessentar sitt syn på dette får koma fram. Det kallast for det kontradiktoriske prinsippet. Kommunar er generelt alt for redde for å «førehandshandsame» saker. Men ingen grunn til å vere redd dersom den kontradiktoriske prosessen skjer ope og informert. Då får alle betre høve til å tenkje for-og-imot, avgjerdene vert riktigare, og demokratiet virkar betre.

Dette står eg for som jurist med offentleg rett spesialfag, og nemner utdanninga berre avdi Jorunn skriv at eg lir av kompetansemangel. Spørsmålet er om Jorunn har vore like ryddig som meg.

10

Kvifor skriv Jorunn at eg «påberopar seg å vere advokat?» Er ikkje dette også ei mistenkjeleggjering? Eg har advokatbevilling, men melde praksisen inaktiv avdi eg ikkje hadde tid til å ta advokatsaker pga fjellstovedrifta, og avdi eg vart delvis arbeidsufør pga bindevessjukdom (ikkje smittsamt, så fjellstovegjester, ikkje flykt!)

11.

Eg minner om at grunnboksheimelen bnr 11 ikkje har nokon verdi for Jorunn, på grunn av hefta i skøytet hennar. Eg minnar både om at «Det kan ikke reises noen annen form for bolig eller installasjon på eiendommen enn enebolig for Jorunn og Jostein Dyrkolbotn uten etter tillatelse fra gnr 247 bnr 1» , og at eigedomsretten gjekk attende til gnr 247 bnr 1 utan vederlag etter 5 år rekna frå 1. januar 1974 avdi det ikkje vart bygd bustad på dei 5 åra. Heimel har ho, men heimelen er temmeleg tom for innhald.

Det einaste Jorunn kan oppnå med ein naboprotest no, er å hindre våre utbyggingsplanar, eventuelt å presse oss til å gje henne anna areal for å få fortgang i utbygginga vår. Det er ikkje aktverdig. Det er altså ikkje grunnlag for Jorunn sin anførsel om at avløpsanlegget «vil vere til ulempe for hennar planar for eigedomen.». Ingen planar kan ho gjennomføre der uansett. Kommunen burde då ikkje i si saksutgreiing ukritisk bygge på dette utsagnet hennar om ulempe for hennar planer for eigedomen. Det stemmer ikkje.

Det vert i alle høve ingen ulemper utover det som må påreknast som fylgje av at det kviler tinglyste servituttar og vilkår på bnr 11.

Vikanes, 26.04.2016

Signhild Dyrkolbotn

